



Arkivnr: 2019/1894-2
Saksbehandlar: Sveinung Klyve

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		19.03.2019
Fylkesutvalet		28.03.2019

Utlegging av planprogram og hovudutfordringar for Rogaland vassregion

Samandrag

Vassregionmynda sender over høyringsdokumenta til alle fylkeskommunar som har areal innanfor vassregionen, og anmoder om at fylkeskommunane handsamar og legg planprogram og hovudutfordringar for vassregionen ut på høyring i perioden 1. april til 30. juni 2019. Kvar fylkeskommune er planmynde for areal som berører eige fylke. Hordaland fylke har eit mindre areal som ligg i Rogaland fylke i vassregion Rogaland. Det gjeld heilt sør i Hordaland fylke med areal ved Røldal, Ølsfjorden, Vigdarvatnet og fjordsystem, såkalla «kystvann», heilt sør i Hordaland fylke, som ligg inne i Vann-nett med eigne miljømål. Me skal difor godkjenne at desse områda formelt vert lagt ut på høyring. Det vert vist til fakta i eiga sak om ny vassforvaltningsplan og utlegging av utkast til høyringsdokument knytt til Regional plan for vassforvaltning for Hordaland og Sogn og Fjordane vassregion.

Økonomi: Kvar sektorstyresmakt (kommunar, fylkeskommunar, statlege etatar) har ansvar for å følgje opp planen innanfor sine ansvarsområde og eigne budsjett.

Klima: Planarbeidet har som mål å betre miljøtilstanden. Klimaendringar vert ein integrert del av planen og omtale av flaumrisiko og tiltak for å avgrense denne risikoen vert inkludert.

Folkehelse: Betre vassforvaltning vil gje større brukskvalitet av vatnet med meir fysisk aktivitet som bading, fiske og generelt friluftsliv som effekt.

Regional planstrategi: Den heilskaplege og samordna vassforvaltinga i Noreg byggjer på EUs vassdirektiv, som er gjennomført i den norske vassforskrifta frå 2007. Planarbeidet vil ende opp i ein regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion for 2022-2027.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet legg fylgjande dokument ut på høyring i perioden 1.april – 30.juni 2019:

Planprogram for vassregion Rogaland for ny vassforvaltningsplan for Vestland vassregion 2022 - 2027
Hovudutfordringar i Rogaland vassregion – planperiode 2022 -2027

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Utlekking av planprogram for Rogaland vassregion
- 2 Utlekking av hovudutfordringar for Rogaland vassregion

Fylkesrådmannen, 04.03.2019


Det vert vist til fakta i eiga sak om ny vassforvaltingsplan og utlegging av utkast til høyringsdokument knytt til Regional plan for vassforvaltning for Hordaland og Sogn og Fjordane vassregion. Denne saka tek for seg nabofylke der Hordaland fylke har areal som ligg i annan vassregion. Hordaland fylke har eit mindre areal som ligg i Rogaland fylke i vassregion Rogaland. Det gjeld heilt sør i Hordaland fylke med areala ved Røldal, Ølsfjorden, Vigdarvatnet og fjordsystem, såkalla «kystvann», heilt sør i Hordaland fylke som ligg inne i Vann-nett med eigne miljømål. Me skal difor godkjenna at desse områda formelt vert lagt ut på høyring.

Planprogram for vassregion Rogaland:

Vassregion Rogaland har utarbeid kvart sitt planprogram for ny vassforvaltningsplan for vassregion 2022-2027.

Hovudutfordringar i vassregion Rogaland:

Hovudutfordringar i vassregionen er utarbeidd. Kunnskapsgrunnlaget og hovudutfordringar i vassregionen er summert opp i dette dokumentet. Rogaland vassregion er delt inn i 4 vassområde. Dei to nordlegaste; Haugesund og Ryfylke har små område som ligg i Hordaland fylke. Sjå kart nedanfor. Grunnen er at vassregongrensene er lagt frå vass-skiljet og ned til fjorden vatnet renn ut i. Dette stemmer difor ikkje alltid med fylkesgrensene.



Figur 1 viser grensa mellom Rogaland og Hordaland vassregion og grenseområda som ligg i anna fylke.